



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/17	Plan og utvikling	27.03.2017

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
14/887 - 17/2003	K2 - L12	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 57 63 29 32	16.03.2017

Reguleringsplan Mjølfjell - Brandset - plan til offentlig ettersyn

Saka gjeld

1. gognshandsaming av framlegg til reguleringsplan for Mjølfjell- Brandset skyte- og øvingsfelt, Voss og Aurland kommune.

Bakgrunn

Asplan Viak har på vegne av forsvarsbygg utarbeidd reguleringsplan for Mjølfjell- Brandset skyte- og øvingsfelt. Forsvaret har hatt verksemd i området sidan 1931. Verksemda er driva på privat areal og forsvaret er sikra bruksrett gjennom leigeavtalar. Området ligg i hovudsak i Voss kommune, medan ein mindre del ligg i Aurland kommune.

Den delen av feltet som ligg i Aurland kommune er ein del av Nærøyfjorden landskapsvernområde. Forsvaret sin bruk av området er regulert i verneforskrifta.

Forsvaret ønskjer å avklare og fastsette rammevilkår for vidare utbygging og drift av feltet. Reguleringsplanen fører ikkje til ei utviding av feltet. Bruken er ikkje venta å bli vesentleg endra dei neste åra.

For Aurland kommune sin del er det 6 km² som ligg i planområdet. I framlegget til plan er området innanfor Aurland kommune regulert til skytefelt- øvingsområde i tillegg er det det vist som bandleggingssone bandlagt etter andre lover (naturmangfaldlova)

Verknader av planframlegget er gjort greie for i planomtalen. For nærare gjennomgang av planframlegget, vert det synt til vedlagt plan med tilhøyrande planføresegner, planomtale og ROS-analyse.

For Aurland kommune sin del er planen ikkje vurdert å vere omfatta av forskrift om konsekvensutredninger. Voss kommune vurderte at planarbeidet var omfatta av konsekvensutredning

Vurdering

Aurland kommune vedtok 13.10.2014 planoppstart med høring og offentlig ettersyn av planprogram. Oppstart av planarbeider ble varslet samtidig med høring av planprogram 29.10.2014. Fristen for å gje synspunkt på planarbeidet og innspel til planprogrammet var

satt til 17.12.2014.

I samband med varsel om oppstart kom det inn tre merknadar knytt til Aurland kommune sin del av planområdet.

Forslagstiller si oppsummering av mottekne merknadar og kommentarar til merknadene *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane* (17.12.2014)

Fylkesmannen tilrår at Aurlands del, som også er landskapsvernområde, blir tatt ut av planområder med mindre det er spesielle grunner for å ha dette området med.

Fylkesmannen peker ellers på at villreininteresser, og konsekvenser for villrein, er et viktig plantema. Det tilrås at hensynet til verna vassdrag blir tydeligere presisert i planprogrammet. For øvrig minner fylkesmannen i naturmangfoldloven §§ 7 – 12, som forutsettes lagt til grunn, og at avbøtende tiltak bli innarbeida i planen. Fylkesmannen forutsetter at det blir utarbeidd en bredt anlagt ROS-analyse.

Kommentar frå forslagsstiller:

Fra Forsvarets side er det ønskelig å ha et samla planverk, med tanke på styring av virksomheten. Planforslaget omfatter derfor også Aurlands del av feltet, med rammer i tråd med verneforskriften. Momentene tas til etterretning. Se også kommentar til NVEs uttalelse vedr verna vassdrag. Tas til etterretning.

Nærøyfjorden verneområdestyre (12.11.2014)

Styret for landskapsvernområdet viser til verneforskrifta og konstaterer at så lenge Forsvarets bruksomfang ikke økes, er virksomheta uproblematisk. Nye tiltak, som tilrettelegging for motorferdsel, må konsekvensvurderes og avklares med verneområdestyret. Styret ber om at Forsvaret har kontakt i forbindelse med øving og trening innafør verneområdet.

Kommentar frå forslagsstiller:

Økt bruksomfang og tiltak innenfor landskapsvernområdet er neppe sannsynlig – dette er passive deler av skyte- og øvingsfeltet (sikkerhetssone og sporadiske øvelser uten kjøretøy). Se ellers uttalelse fra Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og kommentar til den.

NVE (15.12.2014)

NVE minner om at hele planområdet ligger innenfor nedbørfeltene til de verna vassdragene Nærøydalselvi og Vossavassdraget. RPR for verna vassdrag gjelder inntil 100 m også langs sidevassdrag. Det må legges opp til arealbruk som ikke reduserer verneverdiene i vassdragene. NVE tilrår å bruke formålet bruk og vern av sjø og vassdrag på vannareal og kantsoner. Hvis planen åpner for byggetiltak i aktsomhetsområde for skred eller i område ROS-analysen viser skredrisiko, må skredfaren kartlegges nærmere. Eventuelle fareområder må framgå av planen.

Kommentar frå forslagsstiller:

Hensynet til verna vassdrag er presisert i planprogrammet (kap 4.1) og er lagt til grunn og innarbeidet i planforslaget. I utgangspunktet vil nye anlegg bli lagt utenfor fareområder. Foreliggende dokumentasjon, inkludert Forsvarets egne erfaringsoversikter, vil bli utnyttet ved planlegging av nye tiltak.

Økonomi

Planen har ikkje økonomiske konsekvensar for Aurland kommune

Folkehelse

Området vil vere tilgjengeleg som frilufsområde. Ved øvelser og skyting vil delar av området kunne vere stengt for fril ferdslø ut i frå omsyn til sikkerheita.

Miljø

Vurdering av dei miljørettslege prinsippa naturmangfaldlova § 8-12.

Det går av § 8 første ledd i naturmangfaldlova fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og

økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Kunnskapsgrunnlaget bygger i hovudsak på informasjon som er tilgjengeleg i nasjonale databasar og uttaler til varsel om oppstart av planarbeidet. Det er gjennom undersøkelser som er gjort ikkje kome fram informasjon om at særleg sjeldne eller trua areter eller naturtypar vil gå tapt grunna omsøkt verksemd.

Det har ikkje kome fram informasjon som inneber at det bør innarbeidast avbøtande tiltak for å unngå mogleg skade på naturmangfaldet, jf. § 9 i naturmangfaldslova. Dette spørsmålet må også kommunen vurdere nærmare når uttale frå statlege styresmakter ligg føre.

Det er ikkje avdekket omsyn gjennom planarbeidet som inneber at det bør stillast krav om miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldlova.

Konklusjon:

Det er ikkje avdekt at planen reiser vesentlege utfordringar. Dette vil kommunen kunne vurdere nærare når fråsegner til høyringsframlegget ligg føre. Rådmannen tilrår at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tilråding:

Plan og utvikling legg med heimel i §12-10 i plan- og bygningslova detalj-reguleringsplan for Mjølfjell – Brandset ut til offentleg ettersyn.

27.03.2017 Plan og utvikling

PUT-017/17 Vedtak:

Plan og utvikling legg med heimel i §12-10 i plan- og bygningslova detalj-reguleringsplan for Mjølfjell – Brandset ut til offentleg ettersyn.
Samrøystes

Vedlegg:

Planskildring Mjølfjell - Brandset

Reguleringsplan - kart - Mjølfjell - Brandset

Reguleringsbestemmelser Mjølfjell - Brandset

Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre til planprogram for områdereguleringsplan for Mjølfjell-Brandset skyte- og øvingsfelt -

Uttale frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - planprogram for områdereguleringsplan for Mjølfjell-Brandset skyte- og øvingsfelt

Innspel frå Noregs vassdrags og energidirektorat - planprogram for områdereguleringsplan for Mjølfjell-Brandset skyte- og øvingsfelt -